

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 195/2023

av 22. september 2023

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantasanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1525 av 13. september 2022 om godkjenning av L-lysinmonohydroklorid og L-lysinulfat framstilt ved gjæring med *Corynebacterium glutamicum* CGMCC 14498 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel II, etter nr. 477 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1470), skal nytt nummer lyde:

”478. **32022 R 1525**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1525 av 13. september 2022 om godkjenning av L-lysinmonohydroklorid og L-lysinulfat framstilt ved gjæring med *Corynebacterium glutamicum* CGMCC 14498 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 237 av 14.9.2022, s. 12).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2022/1525 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

(1) TEU L 237 av 14.9.2022, s. 12.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 22. september 2023.

For EØS-komiteen

Pascal Schafhauser

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.